

## «I kver si Bylgje ein annan Lit»

### A.O. Vinje om *det norske* som ein mosaikk av motsetningar

---

Av Gudleiv Bø

Det var viktig for dei norske elitane i dei første generasjonane etter 1814 å sjå på det norske som noko heilsleg og samlande. Bare slik kunne ein legitimere den nye fridommen: Ein grunntanke bak dei moderne nasjonalstatane var at statsgrensene skulle følgje kulturgrensene mellom nasjonane. For nasjonane var ulike, og derfor måtte dei vere sjølvstendige. Og no hadde vi fått vår eigen stat – rett nok i union med Sverige, men med vårt eige lovverk og folkevalde institusjonar til å styre landet. Grunnen til arrangementet var altså at alle nasjonar var heilt spesielle. Og dét var greitt nok andsynes svenskane: Dei hadde vore erkefienden vår i generasjonar, sjølv sagt fordi vi var annleis enn dei. Men grensene mot det danske var det verre med, for dei var nesten «oss». Mange i overklassa hadde gifta seg med danskar, og mange norske menn hadde embetsstillingar i Danmark, på same måte som mange

danskar hadde stillingar i Norge. Elite-kulturen – inklusive skriftspråket – var sams for både landa.

## Det norske som heilskap

Derfor var det vanskeleg, men viktig, å få grep om kva dette norske var – den store samlande heilskapen som gjorde nasjonen vår annleis enn alle andre nasjonar. Derfor blei mykje kultur-arbeid lagt ned i å dokumentere og kartlegge den nasjonale eigenarten. Det var den oppgåva kulturgranskarar og kunstnarar under romantikken heldt på med, å samle folkedikting, folkekunst og folkespråk, – og meir eller mindre medvete prøvde mange å skimte den «Folkeaanden» som løynte seg der. – Men folkekulturen var bare råstoffet. Verkeleg *nasjonalkultur* får ein ved å foredle det – ved å blande *det beste* frå «byskikk og gammalt landsstell», seier Vinje. (Vinje 1917–1921, bd. II s. 209.) Slik sett var nasjonen og nasjonalkulturen ikkje noko fikt og ferdig. Den var eit potensiale, og den måtte skapast; den var ikkje noko ein bare kunne samle inn og kartlegge.

Eigentleg hadde ein alt i fleire generasjonar tenkt slik at nasjonane, eller folka, var ulike – jamvel om ein ikkje trekte den slutninga at kvar nasjon måtte ha sin stat. Eg skal gi nokre døme: Diktarane i «Det norske Selskab» i København på 1700-talet generaliserte suverent om ulike land: Nordmennene var tøffare enn danskane. Det ser ein av at dei overlever der oppe i steinrøysa si – med snø og is halve året. (Bø 2006, s. 34 ff.) Og sjølvsagt var norske kvinner vakrare enn andre kvinner. Det var Christen Pram som meinte dette. (Ibid. s. 36.) Det er kanskje ikkje så rart: Overklassegutane gjekk vel nede i København og drøymde om gamle-kjærasten der heime – medan dei danske jentene, som dei såg på nært hald, vart for konkrete og kvardagslege.

Dessutan var nordmennene meir *konge-tru* enn danskane sjølve var, meinte Holberg – det var derfor danske-kongen føretrekte norske soldatar i liv-garden sin. (Ibid.)

Og mange som var høgt på strå i dobbelt-monarkiet, meinte at nordmennene var ei nyttig motvekt mot tyskarane i den norsk-danske statsleiinga; i einevaldstida hadde kongen *provosert* det danske aristokratiet, – og rekrutterte då til erstatning mange tyskarar til å administrere riket. Mange meinte då at nordmennene kunne vere ei god motvekt mot «Fortydskselsen» av det nordiske.

Med Wergeland er vi komne forbi 1814 og grunnlovsverket på Eidsvold, og vi har bytt unionspartnar frå Danmark til Sverige. Som svært mange andre var Wergeland imponert over den nye grunnlova, og skriv mange stader om korleis norsk mentalitet alltid har vore innstilt på fridom og demokrati (m. a. i *Den norske Konstitutions Historie* 1841–43.)

Med Jørgen Moe er vi komne til 1840- 50-talet. Han meinte at dei norske eventyr-figurane representerte dei viktigaste norske karakter-draga – ein freistande tanke, kanskje, i ein nasjonsbyggings-fase? For dei sentrale eventyr-figurane er både djerve og trufaste – og optimistiske, med god grunn, for både dei og vi veit at dei sigrar til slutt. – Derimot nemner ikkje Jørgen Moe *segner* i denne samanhengen. Dei ville passe dårleg i ein nasjonsbyggings-ideologi, fordi segnfigurane oftast både er redde og overtruiske – og pessimistiske. Med dei kan det ofte gå ille. (Moe 1924. Bd. II s. 74ff.)

Bjørnson skreiv bondeforteljingane og sagadramaa sine på 1850- og 60-talet, og der går han ut frå at rett nok fanst det karakter-brestar mellom nordmennene. Men dei hadde utviklingspotensiale: Sjå bare om ikkje Synnøve Solbakken fekk skikk på Torbjørn Granlien til slutt! Like bra gikk det med Arne Kampen i *Arne* og med Øyvind Plassen i *En glad Gut*.

Også Ibsen nytta dei første tiåra av forfattarskapen sin til å kartleggje «den norske nasjonalkarakteren». Peer Gynt blir ein slags konklusjon på den jakta, og då er vi i 1867. (Bø 2000.)

Så langt har ein altså oppfatta nasjonen som ein heilskap. Jamvel om «nasjonalkarakteren» etter kvart vart individualisert, som hos Jørgen Moe og Bjørnson og Ibsen, såg ein føre seg ein slags heilsleg samnemnar. *Individa* var sjølvstekt ulike, men *grunnhåttan* var den same innan den einskilde nasjonen. Og slik individa var ulike i kvar nasjon, var nasjonane ulike seg i mellom.

Mange av nasjonalromantikarane såg på denne einskaplege og unike nasjonen som noko halvt metafysisk. Marcus Jacob Monrad var eit tydeleg døme på dette. For han meiner at nasjonalkulturen er berar av det han kallar «Folkeanden». Og om den seier han at «Folkeanden [...] er udgaaen af Skaberens Haand [og] paatrykker sig af sig selv alle Folkets Handlinger og Ytringer.» (Monrad 1854., s. 2.) Det finst altså ein guddommeleg ide bak alle nasjonar. Gud har ved byrjinga av tilveret skapt folka ulike og gitt dei kvar sin «Eiendommelighed» og kvar sitt utviklingspotensiale. Dette inneber at dei sosiale og intellektuelle elitane må gå *den andre vegen*: Dei må studere «alle Folkets Handlinger og Ytringer» og så på det grunnlaget analysere seg fram til korleis den «Folkeanden» er, som sameiner dei.

Denne førestillinga om at individa i nasjonen djupast sett deler ein sams grunnhått eller eit særleg lynne, var altså noko som «alle» intellektuelle tok for gitt. – Slik var det då sjølvstekt også med Aasmund Olavson Vinje; dette blir særleg tydeleg i det kjende diktet «Nationalitet» frå 1860. Det stod først trykt i *Dølen* for 8. januar dét året – med overskrifta «Nordmannskap». Men så kom det i ein lett revidert versjon i *Diktsamling* frå 1864, og denne siste versjonen går slik:

Vi meina og tru det gjævaste er  
at vera ein Noregs Mann.  
Ja, denne Heimen oss fyrst er kjær;  
men vita vi maa, at den store Verd  
er berre vaart store Federland.

Dei største Tankar vi alltid faa  
af Verdsens det store Vit;  
men desse Tankar dei Brjotast maa,  
lik Straalar af Soli, som altid faa  
i kver si Bylgje ein annan Lit.

(Vinje, A. O. 1917–1921. Bd. V s. 137)

Ein sentral ide i diktet er å åtvare mot snever nasjonalisme: Første strofe tar for gitt at vi er glade i landet vårt, men vi må likevel ikkje gløkke at det er «den store Verd», som er «vaart store Federland». I den eldste versjonen – i *Dølen* – heitte det «det sannaste Federland». Altså skal ansvaret vårt og lojaliteten vår gjelde «den store Verd».

Andre strofe tar utgangspunkt i at vi *treng* å kjenne verds-kulturen; vi må ikkje isolere oss frå *den* – det er den som *gjør* oss kloke. Men tankane frå «Verdsens det store Vit» kan bare nå fram til oss gjennom eit filter, – og det filteret er vår eigen kultur. Når diktet heiter «Nationalitet», er det rimeleg å forstå denne andre-strofa slik at *dei små bølgiene* – dei som bryt solstrålane – er *bilde* på dei ulike nasjonane med deira nasjonalkulturar. «Verdsens det store Vit» trer altså konkret fram gjennom dei mange ulike nasjonalkulturane. Slik åtvarar Vinje mot snever nasjonalisme: Vi må vere opne mot verda, men det gir likevel meining å snakke om *nasjonalkultur*, – for nasjonalkulturane er *verkelege* – dei *finst*.

Vinje godtar altså tanken om nasjonen som heilskap. Det ser vi også når han sluttar seg til målsaka og striden mot dansk skriftspråk. Det er avgjørande skilnader mellom det danske og det norske – baa delar i eintal – og ein må skilje det danske ut frå det norske. Bildet er rett nok meir samansett når det gjeld det svenske, for Vinje var venleg stemt mot unionen. Men han meinte at svenskane på mange måtar låg framom oss, og dét i seg sjølv inneber sjølvsgat at det var klåre skilnader mellom «dei» og «oss». (Vesaas 2001 s. 200 og s. 321 f.)

## Det norske som mosaikk

Men alle veit at Vinje var tvisynt. Det galdt også for ideen om det norske. Med det eine auget såg han på det norske som noko heilsleg og samlande, – og med det andre auget såg han på det norske som noko samansett – som ein mosaikk med mange fargar. Slik var det nok med dei fleste, men på ulike måtar, – og Vinje sin måte var i nokre tiår temmeleg eineståande mellom diktarane. For jamvel om «alle» oppfatta det norske folket som splitta og delt på ymse vis, såg dei først og fremst *sosiale* skilje – og dei kulturskilnadene som følgte *klasse*grensene: Rett nok skildrar radikale Henrik Wergeland i 1837 «Pigen paa Anatomikammeret» som eit offer for utbytting; og han arbeidde aktivt for å ruste opp «Almuen» til fullverdige medspelarar i demokratiet. Han såg også mange døme på at rike bønder utnytta småfolk. Også den konservative konkurrenten hans, Welhaven, ser sjølvsgat klare sosiale skilje i folket. Det er heilt ulike kulturbilde han framstiller i *Norges Dæmring* frå 1830-talet, der det er over- og mellomklassa som får gjennomgå, og i dikta med folkloristiske motiv frå bygdemiljø frå 1840- og -50-talet.

«Alle» ser altså sosiale skilje, og mange kjenner dei på kroppen, men tendensen er at dei botemidla ein ser føre seg,

er moralske meir enn politiske. Wergeland rår «Almuen» til reinsemd og fråhald. Og når Ibsen i *Peer Gynt* frå 1867 skildrar ein oppkomling frå bygdene som blir øydelagd på sjela, er det først og fremst eit moralsk problem. Først når Arne Garborg skildrar det samme i 1883 – ein oppkomling frå bygdene som blir øydelagd på sjela – er problemet blitt sosialøkonomisk og sosial-moralsk. Boka *Bondestudentar* var «samfundsøkonomisk i sin grunntendens», skreiv han til Georg Brandes, og dette blir også svært tydeleg for lesaren. Først med realismen og naturalismen ser diktarane korleis det var makrososiale strukturar som gjorde nokre rike og andre fattige.

Sjølvsagt såg også Vinje det same som diktar-kollegene. Og meir enn dei fleste kjende han folk i alle samfunnslag – både høgt og lågt – frå kongen i Stockholm til Malene frå Follidalen, – og vidare til sine intellektuelle vener i Christiania og mange andre plassar. – I tillegg vart han gjennom ferdene sine kjend med ulike regionale kulturar. Men det er påfallande at jamvel om han ofte omtalar konkrete detaljer frå ferdene sine – som lesaren kjenner att som symptom på fattigdom, er ikkje poenget hans å vise fram fattigdommen som fattigdom. Kanskje ville akkurat dét ha vore for nærgåande for han? Så trøngt som han sjølv sat i det? Eller kanskje det kjendest meir nøytralt og distansert å plassere kultur-skilnadene i *geografien* – enn det ville ha vore å rang-ordne kultur-observasjonane sine på ein sosial og økonomisk skala. I alle høve står Vinje jamsides med eldre og samtidige diktar-kolleger i dette at han ingen stader i skriftene sine ymtar noko om at den fattigdommen han ser, følgjer av politisk og økonomisk undertrykking. I staden transponerer han det han ser, frå økonomi og klasse til region. Dermed blir han den første til å differensiere *det norske* etter geografiske skiljeliner.

Utgangspunktet hans er nok heimekulturen – i Vest-Telemark – og han ser på Telemark som vest-norsk. Det motsetningsparet

som interesserer han, blir då skiljet mellom det vest-norske og det aust-norske. Implisitt går det fram i tekstene om dette skiljet at mykje av det han assosierer med det vest-norske, er små-kårskultur, – medan mange av dei konkrete døma på det aust-norske er stor-gards-kultur. Men dét poengterer han aldri!

Eg skal gi nokre døme: Mange stader står det dårleg til med gardsdrifta, meiner Vinje – og då særleg med hygienen i husstellet. I *Ferdaminne* frå 1861 ironiserer han over «Grauten på Grut». Grut var ein skyss-stasjon i Orkla-dalen, og den grauten han fekk servert der, var slik at agnene på korna framleis stritta i veret som busta på ein gris, og formeleg *skura* ned gjennom halsen hans. Og alt han såg, var møkkete. (Vinje 1917–1921. Bd. IV s.106.)

I Romsdalen var det heller ikkje bra. På gjestgivargarden hadde dei røykstove framleis, og grisungen heldt til inne i stova. Når den byrja å klatre på diktaren medan han åt, unnskyldte bondekona grisen sin med at gjesten hadde fått låne matkoppen til grisen, og «han kjenner berre atter Koppen sin»! (Vinje 1917–1921. Bd. IV s. 191.)

I «vestfjelli» – kvar no det måtte vere – kanskje Vestlandet, kanskje fjellbygdene i Sør-Norge – der var det bare ei bu på setra; mjølk og smør blei lagra i det same rommet som folk sov i. Det blei fullt av røyklukt, og «ikki var der Golv, men blaute og saurutte Tufti, so det er ikkje betre so at segja, enn at det var eit Grisehus». (Vinje 1917–1921. Bd. IV s. 56.)

Men i andre bygdelag var det heilt annleis: Det norske var ikkje éin ting, men mange – både godt og dårleg. Best ut kjem Øysterdalen:

Øysterdalen stender visst hægst af alle norske Dalar i Upplysning og god Folkeskikk [...] der er slik Sedhevd (Cultur, Vinje sin merknad) med alt det som Øysterdølen ferer med; eg vil berre her nevna det Reinfærdlege som der i Øysterdalen mest



er endaa vel mykit af. Alt skal vera drivande kvitt, om det so verdt svart atter i sama Augneblinken sosom det daglege Golv. [...] Der er ein forunderleg Finleike i Umgang hjaa mange af desse Øysterdøler. (Vinje 1917 – 1921. Bd. IV s. 49-50.)

Men i Gudbrandsdalen blir folk *vakrast*:

[[D]esse gudbrandalske Folk merkja seg ut ved sin væne Skapnad [...] Det er vist det fagraste Folkeferd i heile Landet; og um den betre gudbrandsdalske Gjenta kann verda sagt [...] at ho er ei fødd Dronning. [...] Nedetter Mjøsbreddirne helst paa Tot-sida er det sama Folkeferd kjennande atter, endaa dei fagre der ero meir sjeldfengde. (Vinje 1917 – 1921. Bd. IV s. 71.)

I somme av dei meir litterære utgreiingane freistar han å sjå nokre generelle tendensar, som i ei viss mon *strukturerer* mangfaldet i reiseskildringane, og då taper det austlandske terreng til fordel for det vestlandske! Vest blir best – gradvis. I *Ferdaminni frå Sumaren 1860* forsikrar han oss om at han skulle kunne opplysa den halve *jord* med det norske folket – om det bare hadde vore *rikt* nok, og *han* fekk lære det opp som han ville. Og frå Telemark skulle han kunne forsyne halve verda med diktarar! (Vinje 1917 – 1921. Bd. IV s. 71.)

I artikkelen «Um austlandsk og vestlandsk Opplysning» frå *Dølen* i 1859 går han inn på boklærdomen i vest og i aust. Og då har han merka seg at det er skilnad på kva folk les:

Naar Vestlændingen fær Hug til Boki [...] so leser han mykit i Bibelen og andre gamle Bøkar, helst Historie. Af Bibelen fær han den Merg og Billætrikdom, som maa vera grunnlaget for Einhver som der skal verda nokot stort af. Og af Historien fær han og ein god Grunn. Men so kjem han sjeldan længer fram.

Han har ei Slags Meining om den gamle Tid, men den nyare kjenner han litit eller inkje til. Aviser og Politik kjenner han som tidast berre af Navn. --- Austlændingen leser no netupp mest af det, som Vestlændingen mindst leser [...] Vestlændingen kjem sjeldan længer en til 1814, til Grunnlogi. Og der byrjar netupp Austlændingen [...] Vestlændingen kjenner soleids godt Snorre og Holberg [...] og dei gamle Kjæmpe-Viser [...] Austlændingen [...] leser Wergelands Konstitutions-Historie og Morgonbladet og Aftenbladet. (Vinje 1972 s. 30.)

Men det finst skilje mellom aust og vest som er meir omfattande og synlege enn kva dei les: Reint generelt er «Vestlændingens Liv og Stell [...] enno meir ulikt Austlændingens en Lesnaden hans». (Ibid.) Eitt døme på dét er at stands-skilnaden er større i aust enn i vest. Det er sosiale og økonomiske skilje der aust, som ein ikkje finn i vest: Austlendingen har fine *selskap* med «herrar» og «damer» og måltid med mange gilde rettar; etter maten spelar herrane kort, medan damene «sit som Blomsterpotter ikring Veggirne». Alt medan vestlendingane bare har *lag* med karar og kvende; og den beste gardmann sit til bords med sine tenarar. (Ibid. s. 32.)

Vinje har mest godhug for det vestlandske. Den austlandske finkulturen er «laant, det er nokot som hanger utanpaa. Det er ikki voxet ut af eit rikt indri Liv, som har sprængt den ytri raee Ham liksom Blomsterknoppen [sprængjer] Belgjen.» (Ibid.) Derfor ønsker han seg ofte

«atende i eit vestlandsk Lag for at sjaa nokot sjelv-funnet (originalt), om det enn ser raatt ut. Ein verdt hugdregjen mot den myrke spottande Aand, som leikar med Alt [...] Ein længtar bort fraa ein Sal, som glimar af Ljos og fine Klædi [slik ein opplever i aust] til eit Lag, der *Røda* (samtaalen) glimar og blikar

af Billæti, som Diamanten på Felebogien til Ole Bull.» (Ibid. s. 33.)

Alt i alt: «Auslandet lærer meir af Livet, af at fara vidt og tala med mange og dygtige Folk. Vestlandet meir af Bøkar og Sjelftænkning.» (Ibid.) Då blir det slik at «naar Vestlendingen og Austlendingen lærer afein annan, so faa vi ein *god norsk Bonde*.» (Ibid. s. 34.) Men då må austlendingen «kasta burt mykit af sit utlændske Laan baadi i Maal og Liveskikk, og Vestlendingen maa vita at der er ei Verd utanfor honom, som har mykit vent og godt». (Ibid.)

Det austlandske og det vestlandske var altså skilde kulturar på svært mange vis. Men kva kom det av, djupast sett? Kva var orsaka til skilnaden? Noko av forklaringa ligg i ei av nemningane som han nyttar på desse folkegruppene; for han seier han like gjerne kunne ha kalla austlendingen for «flatbui» og vestlendingen for «fjøllbui». Denne forklaringa er i slekt med den gamle europeiske *klimateorien*: Heilt frå antikken og fram til nyare tid har lærde skribentar hevda at folk tar preg av naturmiljøet sitt – ikkje bare slik at omgivnadene sjølvsgagt verkar inn på næringsliv og levevis, men også slik at naturen verkar inn på karaktereigenskapane og den psykiske og andelege konstitusjonen til dei ulike folka. Hos Vinje lyder då forklaringa på skilnaden mellom Austland og Vestland slik:

«[Vestlendingen] bur meiri einbølt, han, og maa strida seg fram i Fjøll og Udyrki med Vind og Vedr. Dette hvesser hans Tanki og snur den meiri inn mot seg sjelv. Det gjerer, at han aldri er raadlaus, og viklar ut eit leikande Løgi (Vid og Humor) og – «Bondefulhed». Han nøydes som Reven til at gjera Krokar.

Austlendingen er meiri snudd ut mot Livet, som er meiri livande kring honom. I dei store Bygdarne og meir i Selskap er han ikki so ordviss og løgleg.» (Ibid. s. 30.)

Utetter på 1860-talet kjem Vinje stadig attende til skilnadene mellom dei norske bygdelaga, og tendensen er då at han oppfatar skilnadene som meir og meir radikale og djuptgåande. Dét går svært klart fram av to små artiklar frå 1866. I «Sæterstell og bygdarstrid» frå *Dølen* for 12. august dét året heiter det:

[N]år du vandrar omkring i landet, vil du snart merkja deg ein tverskilnad millom mange bygdarlag med afbrigd i mål og klædebunad og husstell og liksom *eit annat folkeslag med annat huglynde og skapnad*. (Vinje 1967. S. 87. Mine uth.)

Og i «Høljerasten» frå 1866 er han inne på det same:

Vi finna og den dag i dag på mange stadar sud i dalmyningarne ned mot slettelandet ei tvert grensa millom serskilde *nationaliteter*. Tungemål og likamsbygnd og klædebunad og husebygnd og heile stell er eit reint annat. [...] Det er eit nytt folk, eit annat *land*, du er komen in i. (Vinje 1967. S. 90. Mine uth.)

Vi ser altså at skiljet mellom aust og vest, fjell og dal, går djupare enn før. Og han finn ikkje lenger ei fullgod forklaring på dette i den klimateorien han la til grunn i «Um Austlandsk og Vestlandsk Opplysning» No nærmar han seg innvandringsteorien til den såkalla norske historiske skolen med Rudolf Keyser og P. A. Munch. Dei meinte at dei første nordmennene kom inn i landet frå nord og aust, og derifrå trekte sørover – og la under seg dei «gotiske» stammene, som skulle vere komne via Tyskland og Danmark og Sverige. Teorien gjorde sjølvsagt nordmennene til det opphavlege erobrarfolket – i sterk kontrast til situasjonen både i deira eiga samtid og i dei siste hundreåra før – då danskane og svenskane var storebror i unionar som nordmennene var blitt tvinga inn i. Vinje formulerer det slik: «dei eigenlege

*norrøner* kom nordan og vestan og dei sokallade *gother* sunnan og austan (Vinje 1967. S. 90). Poenget blir altså at det vestnorske har eit anna etnisk opphav enn det austnorske. Slik blir det austlandske litt meir suspekt enn tidlegare hos Vinje ut frå eit nasjonsbyggings-perspektiv.

Vi har sett at Vinje var den første sentrale diktaren som eksplisitt drøftar ideen om at «dét norske» er ein mosaikk av *regionale* kulturfenomen. Bildebruken i diktet «Nationalitet» – om det skiftande lys-skimmeret frå havbølgjene – ville kunne høve ikkje bare for dei mange nasjonane i verda – men også for dei mange norske bygdelaga.

## Frå det norske til det moderne

Interessa for og blikket for regionale skilnader blei meir og meir tydeleg etter kvart som vi kom inn i realismen – altså frå 1870-talet og framover. Diktarane blir då tydelege på at dei hentar stoff frå kvar sin region – med skiftande karaktertypar og konflikttypar. Jonas Lie debuterer med *Den Fremsynte* i 1870, som legg handlinga til Nord-Norge. Og så kjem dei ulike bygdelaga og småbyane i rekke og rad – med bøker av Kielland frå Stavanger, Garborg frå Kristiania og Jæren – og vidare: Amalie Skram, Kristofer Uppdal, Hamsun, Kinck, Falkberget, Krokann, Duun, Aanrud.

I tillegg til dei regionale skilnadene såg ein etter kvart også dei sosiale og økonomiske. Norge var ikkje lenger ein heilskap, men ein mosaikk av ulike del-kulturar.

Men fokus skiftar med tida og utviklinga. Med Den andre verdskrigen kjem det igjen freistnader på meir heilslege perspektiv på det norske – hos til dømes Nordahl Grieg, Torborg Nedreaas, Sigurd Hoel, Aksel Sandemose, Johan Borgen. Og då handlar det gjerne om ei slags nasjonal sjølv-ransaking.

Frå 1950-talet sluttar diktarane å skrive om «det norske». Det er som om dét ikkje er interessant lenger. Nasjonsbygginga er over,

landet blir gradvis meir og meir bunde opp av internasjonale avtalar og organisasjonar. Og globaliseringa styrer både kvardagen vår og fantasien vår meir og meir. Dei aller fleste diktarane skriv no heller om «det moderne» enn om «det norske» – om einskild-individ i slike konfliktar som ein kan finne att mange stader i den moderne verda – frå Buenos Aires til Odda. Vinje si jakt på nyansane i «det norske» fortel om ein tidleg fase av utviklinga mot ein nasjonal identitet. I dag er denne identiteten blitt så mangefasettert at det er blitt typisk norsk å vere i tvil om kva som er typisk norsk.

*Ein litt annan versjon av Gudleiv Bø sin tekst, som er basert på forelesinga hans ved konferansen i Bø, er også prenta i Norsk årbok 2020, som er årboka til Høgnorskringen.*

## Litteratur

- Bø, G. (2006). *Å dikte Norge. Dikterne om det norske*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Bø, G. (2000). «*Nasjonale subjekter.*» *Ideer om nasjonalitet i Henrik Ibsens romantiske forfatterskap*. Oslo: Novus.
- Moe, Jørgen (1924). *Samlede skrifter* (Bd. I-II). Kristiania: Aschehoug.
- Monrad, M. J. (1854). : «Om Theater og Nationalitet og om en norsk dramatisk Skole.» (Særtrykk av *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur*, bd. 7.) Kria.
- Vesaas, Olav. (2001). *A. O. Vinje. Ein tankens hermann*. Oslo: Cappelen Damm.
- Vinje, A.O. (1972). *At vera Døl. Prosa i utval* v. Reidar Djupedal. Oslo: Samlaget.
- Vinje, A.O. (1967). *Fjellstaven min og andre ferdaskildringar*. Utval v. Olav Midttun. Oslo: Samlaget.
- Vinje, A.O. (1917–1921). *Skrifter i samling*. (Bd. I–V). Midttun, O. (utg.). Kristiania: J. W. Cappelens Forlag.